# Møtereferat

**Møtetittel:** Samarbeidsmøte Sju- stjerna og Helseføretak – Covid 19
**Møtenummer:** 3/2020
**Møteleiar:** Mona Ryste
**Referent:** Gro Anette Frøystad Voldsund

**Dato:** 01.04. 2020
**Tidspunkt:** Kl. 10 00 – 1100
**Stad:** Skype

| | Namn | Møtt |
|---|---|---|
| **Representantar** | Stian Endresen, PKO | X |
| | Gro Anette Frøystad Voldsund; koordinator Sjustjerna H&O | X |
| | Bård Dalen, leiar for Sjustjerna helse- og omsorg | X |
| | Trond Aglen, leiar for Sjustjerna rådmannsgruppe | X |
| | Rune Sjurgård, rådmann vertskommune | X |
| | Karsten Vingen, Hareid | X |
| | Inger Lise Kaldhol, Volda | X |
| | Norunn K. Elde, Ulstein | X |
| | Asta Sileikiene, Sande | X |
| | Bjørn Martin Aasen, Herøy | X |
| | Cecilie Oppedal, Vanylven | X |
| | Unni Natås, Ørsta | X |
| | Randi Revheim, Klinikk Volda | X |
| | Jon Hjorthaug, Klinikk Volda | X |
| | Erlend Bae, | X |
| | Rune Heggedal, Klinikk Volda | X |
| | Unni Skare, Fagavdelinga | - |
| | Hallgrim Myklebust | X |
| | Knut Nautvik, Klinikk Volda | X |
| | Palma Hånes, Klinikk Volda | X |
| | Mona Ryste, Klinikk Volda | X |
| **Andre deltakarar** | Mariann Hagerup Gammelsæther | X |

| **Sak** | **Status/aksjonspunkt** | **Ansvarleg** | **Tidslinje** |
|---|---|---|---|
| Velkomen og informasjon | Mona ønskte velkomen og understrekte kor viktig god | Mona Ryste | Møte ondag frå 1000 – |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Tidslinje |
|---|---|---|---|
| | samhandling vil vere framover og mål med møta Møta vert på skype utan at vi nytter kamera (grunna tekniske problem).<br><br>Oppfølgingspunkt frå sist møte:<br><br>Herøy forsøker kome i dialog med Lars Erik Sjømelling om legevaktsbil på ytre søre.<br><br>Fint om informasjon frå helseforetaket vert sendt direkte til kommuneoverlege, ikkje berre postmottak. | | 1100 inntil vidare. Oppfordring om å meld opp aktuelle saker til møta.<br><br>Mona følgjer opp |
| Situasjonsbilete i kommunane | <u>Sande kommune:</u><br>4 påvist smitte, derav 1 innlagt i sjukehus, 3 friske.<br>Ingen helsepersonell smitta.<br>90 personar testa.<br><br><u>Volda Kommune:</u><br>6 påvist smitta. Truleg mørketall.<br>Ingen helsepersonell smitta.<br>190 personar testa.<br><br><u>Ørsta kommune:</u><br>5 påvist smitta. Ingen helsepersonell.<br>142 testa.<br><br><u>Herøy kommune:</u><br>4 påvist smitta, derav 1 innlagt i sjukehus. 1 frisk.<br>Ingen helsepersonell smitta. | Asta Sileikiene<br><br>Inger Lise Kaldhol<br><br>Unni Natås<br><br>Bjørn Martin Aasen | |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Tidslinje |
|---|---|---|---|
| | 133 personar testa. Mindre testaktivitet siste dagane.<br><br><u>Vanylven kommune:</u><br>1 påvist smitta, men er frisk no. Mange er testa.<br><br><u>Ulstein kommune:</u><br>9 påvist smitta, 5 er helsepersonell (1 busett i anna kommune). Alle isolert, og har lite symptom. God kontroll på smittesporing.<br><br><u>Hareid kommune:</u><br>2 påvist (1 helsepersonell i anna kommune). God kontroll på smittesporing. | Cecilie Oppedal<br><br>Norunn Kirkebø Elde<br><br>Karsten Vingen | |
| Situasjonsbilete i HF | Palma orienterte om situasjonsbilete HMR og Volda sjukehus:<br><br>HMR har 6 innlagt med påvist smitte.<br><br>Volda sjukehus har 1 av desse. 1 på intensiv og 2 på kohort medisinsk avdeling.<br><br>Jobbar med opplæring og omdisponering av oppgåver til intensiv behandling.<br><br>HMR har ei overordna kriseleiing og ei ved kvart sjukehus. Sjå elles vedlagt presentasjon for oversikt. | Palma Hånes | |
| Situasjonsbilete intensiv | 1 pasient på intensiv. Truleg gjennomsnittleg behov for 1- | Rune Heggedal | |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Tidslinje |
|---|---|---|---|
| | 2 veker pustestøtte per pasient.<br><br>Sluse fungerer fint.<br><br>Førebur verstefall-scenario og kan i så fall ta imot ca 10 pasientar på same tid. Utfordrande med bemanning, må omdisponere personell frå anestesi, operasjon, kirurgi.<br><br>Rune Heggedal har opplæring via nettmøter internt. Mona sender ut invitasjon til legar i kommunane ved neste undervisning, etter ønske frå Sande. | | Mona sender ut invitasjon til legar i kommunane ved neste undervisning, etter ønske frå Sande. |
| Testaktivitet og transport av Covid 19-prøver i påska | For å utnytte ressursane best mogleg, er det ønske om felles transportrute i påska. Måndag 06.04. og tysdag 07.04. går transport som vanleg.<br><br>Dei fleste kommunar planlegg å teste alle dagar ved behov.<br><br>Labratoriet i Molde er stengt langfredag og søndag 1.påskedag. Det har vore havari på høgkapasitetsmaskina, men dei håpar å vere oppe å gå som normalt i morgon | Stian Endresen | |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Tidslinje |
|---|---|---|---|
| | 02.04.. Prøver må som før vere komne til Molde innan kl 20, for sortering og prioritering utifrå kliniske opplysningar på prøvene.<br><br>Ørsta har køyrd dagleg transport av prøver til Molde for rask avklaring. Stian vil sende formell førespurnad til Ørsta, om samarbeid om transport:<br><br>Torsdag 09.04.<br>Laurdag 11.04.<br>Måndag 13.04.<br><br>Førespurnaden gjeld henting av prøver på Ulstein legekontor kl 15 desse dagane.<br><br>Vanylven og Sande samordnar seg i høve transport til Ulsteinvik.<br><br>Etter påske håpar Ørsta og Volda å kople seg på felles transportrute med ytre søre. | <br><br><br><br><br>Unni Nautås, saman med Stian Endresen og Mona Ryste<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>Asta Sileikiene og Cecilie Oppedal<br><br><br><br>Stian Endresen | |
| Testing før poliklinisk time | Testing av pasientar før poliklinisk time er ikkje indikert jf. nasjonale retningslinjer. Rår til kollegial rettleiing og eventuelt kontakt med praksiskonsulent for oppfølging. | Stian Endresen | |
| Elektroniske dødsmeldingar | Helseforetak og kommunar oppmoda om å ta det i bruk | Inger Lise Kaldhol og Mariann | |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Tidslinje |
|---|---|---|---|
| | så raskt som mogleg. Vil gi nasjonale myndigheite raske avklaringar om dødsårsak.<br><br>SSIKT har lagt til rette for bruk i Sjustjerna, og løysinga ligg klar.<br><br>I Helseforetaket vert det jobba med ei regional løysing. Den er under testing i 3 avdelingar ved st.Olavs. Håpar på implentering ved alle sjukehus før påske. | Gammelsæther | |
| Avbestilling og endring av polikliniske timar | I samband med smitteverntiltak vert det gjort grundige vurderingar i høve polikliniske timar. Nokre får tilbod om videokonsultasjon eller telefon, andre får ny tid, beskjed om at ny tid vil bli sett opp, eller at dei ikkje vil få tilbod.<br><br>Viktig med gode dialogmeldingar til fastlege der polikliniske vurderingar vert endra eller utsett. | Stian Endresen | |
| Gravide 1.trimester | Det er sendt ut eige skriv til kommuneoverlegar og jordmødre med formalisert «oppskrift» som er overeins med dagens praksis. Det gjeld til dømes:<br>• spontanabortering<br>• henvising kveld og natt<br>• HCG som testgrunnlag | Idunn Myklebust | |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Tidslinje |
|---|---|---|---|
| Neste møte 08.04. | Semje om å avikle møte til trass for påskeveke. Meld inn aktuelle saker. | Mona Ryste | |